

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

26.søndag i treeiningstida – 18.nov. 2018

Preiketekst: Joh 9,1–7; 35b–38

Lesetekst I: 2 Mos 3,10–12; 4,10–16

Lesetekst II: Rom 9,20–24

I skinet frå lauvhyttfesten

Openberringstekstar i treeiningstida: 26.søndag er nok ein søndag med tekstar som vi også finn på ein av søndagane i openberringstida, denne gongen den fjerde. For meir utførleg kommentar til dette – sjå preikeverkstaden for 25.søndag i treeiningstida.

På veg frå tempelet?

Teksten vår startar med 'Då Jesus kom gåande ...' og kapitlet framfor sluttar med 'Jesus løynde seg og gjekk bort frå tempelplassen.' Det treng ikkje bety at møtet med den blindfødde hende på vegen frå tempelet, men samanhengen viser at det i alle fall hende i Jerusalem og godt mogleg nettopp på veg ut frå tempelplassen. Av t.d. Apg 3,2 ser vi at det var ein aktuell plass for uføre å tigge. Å gje almisser til fattige var sentral del av den jødiske gudsydrkinga.

Vass-seremoni

I kapittel 7 høyrer vi om hendingar som fann stad under lauvhyttfesten, og i kapittel 8 er Jesus tilbake på tempelplassen, og kjem m.a. med dei sterke orda "Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys." (v.12) Dette har ei klar tilknytning til ein lysseremoni første kvelden under lauvhyttfesten. Då vart gylne søyler med skåler med eld i på toppen av søylene reist på tempelplassen. Lyset frå desse var så sterkt at det gav skin over heile byen. Før Jesus tek hand om den blinde, tek Jesus i v.5 opp att orda om at han er lyset i verda. Når Jesus deretter sender den blinde til Siloa-dammen for å vaske seg, er det nærliggande også å sjå ein samanheng med vass-seremonien som fann stad kvar morgon under høgtida. Då vart vatn henta i ei gullskål frå Gihon-kjelda og bore rundt brennofferaltaret før det var tømt ned i grunnen gjennom ei trakt. Sjuande dagen vart vatnet bore sju gonger rundt altaret før det var tømt ut. Det var dagen då Jesus ropa ut "Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn." (7,37f) Siloa-dammen fekk også sitt vatn frå Gihon-kjelda. Begge desse elementa var med og gav liv til dei sterke forventningane som lauvhyttfesten bar med seg om den komande Herrens dag, som ikkje minst profeten Sakarja vitnar om (9,9;12,10;13,1;14,7f og Jes 49,6).

Synd, straff og sjukdom

Det er ikkje uvanleg at vi også i dag kan seie – og tenkje: 'Kva gale har eg gjort, sidan dette må ramme meg?' Det kan vere ein overflatisk tanke, og det kan vere ei djup uro. På Jesu tid var det ein vanleg tanke at sjukdom, skavankar og ulukker var ein straffedom for synd. (Jfr v.34) Når då ein person er fødd blind, reiser det spørsmålet: 'han sjølv eller foreldra hans'? Vi finn eksempel på at ein tenkte det var mogeleg å synde alt i mors liv. Og læresveinane bed sin læremeister (rabbi, v.2) om avklarande svar. Korleis dei kunne vite at han var fødd blind, veit vi ikkje.

Det er ikkje einaste gongen Jesus rører ved dette spørsmålet, men viser gong på gong at han har eit større perspektiv på dette. I Luk 13,2 høyrer vi om eit drap på galilearar og ei ulukke ved Siloa-

tårnet. Der løfter Jesus perspektivet opp til at alle er like stor syndarar og vil møte ein større undergang, om ein ikkje vender om. Det same skjer overfor den lamme han lækte ved Betesda-dammen. Då Jesus møtte han att, vart han åtvara mot å halda fram i synd 'så ikkje noko verre skulle henda han' (Jh 5,14) – der 'verre' er naturleg å forstå som undergang i den store domen.

Eit annleis svar av Jesus

Ut frå Skrifta veit vi at sjukdom, lidning og vondskap kom inn i verda som følgje av det store og gåtefulle syndefallet og at Gud har som mål å fri oss frå dette. Skrifta gjev ingen svar på kvifor nokre menneske må bere tunge lidningar gjennom livet, medan andre slepp rimelegare unna. Men Jesus avviser direkte og tydeleg at lidinga skuldast personleg synd, og kjem i staden med eit overraskande svar. No har Bibelselskapet i v.3b i utgåva frå 2011 søkt ei litt anna omsetjing enn det som har vore vanleg på dei fleste språk. Det vanlege har vore ei eller anna form av 'for at Guds gjerningar ...' I siste omsetjing lyder v.3: «Verken han eller foreldra hans har synda. Men no kan Guds gjerningar bli openberra på han.» Det første kan lett tolkast til at lidinga er påført (av Gud) med sikte på at Gud skulle nå eit mål gjennom den ('for at ...').

I 2011-versjon har ein lagt til grunn ei språkleg tolking som kan tyde noko i retning av (?) 'sidan lidinga er der, kan Gud gjennom denne få vist sine store gjerningar'. Uansett språkleg val, trur eg dette siste tolkar godt det som er hovudpoenget for Jesus å få sagt. Og heilt konkret at Jesus ved å helbrede den blinde ser eit høve til å vidareføre dei sterke uttrykka frå dagane under lauvhyttefesten om kven han er, ved å reinse han gjennom vatn og gje han livsens lys.

Vi har ikkje grunn til å leite etter personlege årsaker til sjukdom og lidning. I staden bør vi merke oss korleis Jesus, uansett vanskar, har makt til å gje livsens lys og oppfylle dei gamle lovnadene om ein Herrens dag då Gud vil gripe inn mot dei livsøydeleggande kreftene i verda.

Leire, spytt og Siloa-dammen

Det var ikkje einaste gongen Jesus nytta spytt ved helbredingar (Mk 7,33;8,23). Kvifor Jesus gjorde det, får vi inga forklaring på. Men vi veit at der i samtida var ei forestelling om at der var lækjande kraft i spytt. Men her er einaste gongen vi høyrer at Jesus blandar spytt med leire og stryk som ei deig på dei blinde augo. Den mest nærliggande forståinga av dette synest vere at Jesus vil gje ein grunn for å knyte hendinga til Siloa-dammen og dermed vatn som kom frå same kjelda som var nytta i tempelet under lauvhyttefesten, – men med ei anna 'forgreining' enn det som blei bore til brennofferaltaret – og smurde difor noko på auga som måtte vaskast bort. Johannes må ha ein grunn for å understreke at Siloa tyder 'utsend'. Det gjev sterk meining å sjå det i kontrast til, og samstundes i samanheng med, seremoniane under lauvhyttefesten. Slik får Jesus enno ein gong sagt: Det er eg som gjev vatnet som gjev livsens lys. Han er den utsende – han som folket gjennom feiringa uttrykker at dei ventar på.

Nær i livet – med eit høgare mål

Som 'vanleg' i Johannes-evangeliet møter teksten oss med ein bodskap i fleire sjikt. Vi møter Jesus som nær den blindfødde midt i det som er kvardagen hans. Han er ikkje oppteken av teoriar om lidinga hans, men kva som kan bli til hjelp for han. For det andre møter vi Jesus som oppteken av at vi skal sjå kven han er. Målet hans er meir enn å opne fysiske auge – gjennom ord og handling vil han vise kvar vi finn det livgjevande vatnet – vise oss at det er han som er og gjev livsens lys – slik dei siste vera av teksten fortel korleis den blindfødde fekk opna sine sjåande auge til å sjå kven hjelparen hans eigentleg var. Og endeleg er det målet hans at vi ikkje berre skal sjå, men bli fylte av tru på det vi ser, så vi ved trua kan vere fylte av den livgjevande krafta som sigrar over alle dei livsøydeleggande krefter i dette livet.

Å formidle desse perspektiva må vere vår viktigaste oppgåve anten det er i ei gudsteneste, i evangelisering eller misjon – jødemisjon, så vel som mellom menneske av alle aldrar og kulturar.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krinsstyremedlem i Bergen krins av DNI.

knutforsheim@gmail.com